

## DEN NYE TENKEMÅTEN OG «OMFORENTE OMRÅDER»

Innlegg på biblioteket i Tromsø 24.09.22, del av arrangementet 'Tromsø mot atomvåpen'.

Av Jon Hellesnes

Problematikken kring dei amerikanske militærbasane på norsk territorium, som på NATO-norsk heiter «omforente områder», skal eg ta for meg om litt, men først skal eg kommentere eit merkeleg fenomen, nemleg dette: Folk i dag har mindre frykt for atomkrig enn folk hadde i 1960-åra. Ein muleg hypotese til forklaring er at folk har vent seg til at krigar har gått sin gang, og at land som Irak og Libya med fleire er destruerte utan at kjernefysiske våpen er tatt i bruk. Men vi bør ikkje gløyme at innanfor den såkalla atomalderen har verda vore på grensa til kjernefysisk inferno fleire gongar. Ein fullskala atomkrig ein eller annan stad på planeten kan føre med seg ein såkalla kjernefysisk vinter. Kunnskapen om dette fenomenet har utgangspunktet sitt i vulkanologien og utforskinga av spora etter store vulkanutbrot i førhistorisk tid i Java og Sumatra-området. Dei resulterte i istid på den nordlege halvkula. Strategiske atomvåpen, til skilnad frå såkalla taktiske atomvåpen, har ei enorm destruksjonskraft, og det skjer pulverisering av mange typar massar. Kolossale konsentrasjonar av støv, røyk og partiklar blir dermed sugd opp i stratosfæren. Alt dette legg seg etter kvart som eit teppe rundt planeten. Sollyset blir stengt ute i fleire ti-år; fotosyntesen og andre vitale biologiske mekanismar sluttar å fungere. Livsformene inkludert menneskearten dør ut, og jorda blir aude og tom, for å seie det med første Mosebok.

Tenkemåten i NATO har endra seg vesentleg. Det er freistande å snakke om den nye tenkemåten i analogi med den såkalla nye tellemåten som blei etablert i min barndom. Den nye tenkemåten kan eksemplifiserast med eit brev eg fekk på e-posten min etter å ha hatt ein kronikk i Klassekampen. Ytringa var slik: «Det er

fullstendig feil å si at begrepet om militær seier ikke lenger gir mening, Det er fremdeles fullt mulig å vinne en krig, også om fienden er en atommakt, for vi er alliert med USA som har sterkere og fleire atomvåpen enn alle andre stater.»  
Altså: atomvåpen gir styrke og dermed fred. Kjernefysisk nedrusting er uaktuelt.

Den nye tenkemåten er òg i sving hos NATOs generalsekretær. I trussel-talen sin for eit par år sidan lanserte han idéen om å overføre delar av NATOs atomvåpen-arsenal til NATO-land som ikkje er atomstatar, særleg til NATO-land som tidlegare var knytt til Warszawa-pakta. Dermed ville det bli NATO-basar tett ved russiske grenser. Ein organisasjon i Frankrike for høgare offiserar, generalar og admiralar rykka ut med sterk kritikk mot Stoltenberg. Dei tilrådde meir moderasjon og mindre provokasjon frå NATOs side.

USA skaffar seg militærbasar i sør og nord for å bli verande den dominerande stormakta i verda, det legg ikkje Henry Kissinger skjul på. Dei basane USA har skaffa seg på norsk territorium i tillegg til logistikk-hamna for reaktordrivne kampubåtar ved Tønsnes nær Tromsø sentrum, blir krigsviktige, straks ein væpna konflikt mellom Russland og NATO bryt ut ein eller annan stad. Basane ligg til rette for å krige mot Kolahalvøya og den russiske Nordflåten. Basar lenger sør i Norge eignar seg til ein offensiv mot den russiske austersjøflåten ved Kaliningrad. Ikkje berre aukar basesystemet spenninga i nord, det aukar også risikoen for at Norge blir slagmark. Ein US-doktrine frå 1980-talet kan nemleg bli reaktivert. Då blir det svært farleg. På den tida gjekk nemleg *US-maritime strategy* blant anna ut på å skyve den potensielle slagmarka, kalla krigsteateret, langt unna store NATO-land, så som Storbritannia, Forbundsrepublikken Tyskland, USA osv. Krigsteateret burde heller brake laus i nord, altså hos oss.

At ein mektig alliansepartner bruker ein alliert småstat på denne måten, som brikke eller bondeoffer i det store sjakkspilet, høyrer med til det som kan skje innanfor ein asymmetrisk militærallianse. Det er gammal kunnskap. Den tidlegare presidentrådgivaren med polsk namn Brzezinski seier det slik, omsett til norsk:

«Den brutale sanninga er at Vest-Europa og i stigande grad Sentral-Europa, i det store og heile er og blir eit amerikansk protektorat, med allierte statar som liknar på tidlegare vasallstatar og skattland» (The Grand Chessboard, s. 58). Med andre ord: Ein vasall må berre finne seg i det føydalherren finn på. Risikoen ein småstat har innanfor ein asymmetrisk militærallianse har vore eit tema i politisk filosofi i meir enn to tusen år. Den kloke høgrepolitikaren C. J. Hambro visste det. Derfor gjekk han imot norsk NATO-medlemskap i 1949. Liksom Olav B. Oksvik frå AP argumenterte Hambro for eit nordisk forsvarsforbund.

Før den nye tenkemåten hjelpte på einsrettinga, var det muleg for politikarar og andre å forstå at det å bli utpeika til potensiell slagmark ikkje er i norsk interesse. Utruleg nok hadde Norge på 1980-talet dessutan ministrar som såg det som si plikt å forsvare norske interesser *mot* amerikanske påfunn og *mot* amerikansk strategisk tenking. Utanriksminister Knut Frydenlund og forsvarsminister Johan Jørgen Holst prøvde med eit visst hell å stagge amerikanarane. Som kjent, har vi ikkje slike ministrar i dag.

Suvereniteten over eigen utanriks- og militærpolitikk, som Norge oppnådde i 1905, er sterkt redusert gjennom aksepten av den såkalla tilleggsavtalen, Supplementary Defence Cooperation Agreement (SDCA). Det skjedde i og med fleirtalsvedtaket i Stortingens no i juni. Fleirtalsvedtaket bind Norge endå fastare i den asymmetriske militæralliansen. Korleis vi norske statsborgarar kan kome oss ut av denne rottefella, kviler enno i eit mørkt mysterium. Men dersom det kan finnast ein metode til gjenvinning av sjølvråderett, inkluderer metoden sannsynlegvis såkalla utanom-parlamentarisk aktivitet.

Rottefella: Supplementary Defence Cooperation Agreement (SDCA)

